

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSAGJERD (EU) 2016/448**2017/EØS/36/05****av 23. mars 2016**

om endring av vedlegg I og II til vedtak 2003/467/EF med omsyn til statusen til Malta som offisielt fri for tuberkulose og brucellose hjå storfebuskapar

[meld under nummeret K(2016) 1697] ()*

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 64/432/EØF av 26. juni 1964 om dyrehelseproblemer ved handel med storfe og svin innenfor Fellesskapet⁽¹⁾, særleg punkt 4 i vedlegg A avsnitt I og punkt 7 i vedlegg A avsnitt II, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Direktiv 64/432/EØF vert nytta på handel med storfe i Unionen. I direktivet er det fastsett kva vilkår som ligg til grunn for at ein medlemsstat skal kunne godkjennast som offisielt fri for tuberkulose og brucellose hjå storfebuskapar.
- 2) I kommisjonsvedtak 2003/467/EF⁽²⁾ er det fastsett at dei regionane i medlemsstatane som er oppførte i kapittel 1 i vedlegg I og kapittel 1 i vedlegg II til vedtaket, er godkjende som offisielt frie for høvesvis tuberkulose og brucellose hjå storfebuskapar.
- 3) Malta har sendt over til Kommisjonen dokumentasjon som syner at dei krava som er fastsette i direktiv 64/432/EØF med omsyn til status som offisielt fri for brucellose og tuberkulose hjå storfebuskapar, er oppfylte for heile territoriet til Malta. Malta bør difor først opp i vedlegg I og II til vedtak 2003/467/EF som ein medlemsstat som er offisielt fri for brucellose og tuberkulose hjå storfebuskapar.
- 4) Vedlegg I og II til vedtak 2003/467/EF bør difor endrast.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for planter, dyr, næringsmiddel og fôr —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Vedlegg I og II til vedtak 2003/467/EF vert endra i samsvar med vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 23. mars 2016.

For Kommisjonen

Vytenis ANDRIUKAITIS

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 78 av 24.3.2016, s.78, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 167/2016 av 23. september 2016 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), ennå ikke kunngjort.

(¹) TEF 121 av 29.7.1964, s. 1977/64.

(²) Kommisjonsvedtak 2003/467/EF av 23. juni 2003 om fastsettjing av status for storfebuskapar i visse medlemsstatar eller regionar i medlemsstatar som offisielt frie for tuberkulose, brucellose og enzootisk bovin leukose (TEU L 156 av 25.6.2003, s. 74).

VEDLEGG

I vedlegg I og II til vedtak 2003/467/EF vert det gjort følgjande endringar:

- 1) I vedlegg I skal kapittel 1 lyde:

«KAPITTEL 1**Medlemsstatar som er offisielt frie for tuberkulose**

ISO-kode	Medlemsstat
BE	Belgia
CZ	Tsjekkia
DK	Danmark
DE	Tyskland
EE	Estland
FR	Frankrike
LV	Latvia
LT	Litauen
LU	Luxembourg
HU	Ungarn
MT	Malta
NL	Nederland
AT	Austerrike
PL	Polen
SI	Slovenia
SK	Slovakia
FI	Finland
SE	Sverige»

- 2) I vedlegg II skal kapittel 1 lyde:

«KAPITTEL 1**Medlemsstatar som er offisielt frie for brucellose**

ISO-kode	Medlemsstat
BE	Belgia
CZ	Tsjekkia
DK	Danmark
DE	Tyskland
EE	Estland

ISO-kode	Medlemsstat
IE	Irland
FR	Frankrike
LV	Latvia
LT	Litauen
LU	Luxembourg
MT	Malta
NL	Nederland
AT	Austerrike
PL	Polen
RO	Romania
SI	Slovenia
SK	Slovakia
FI	Finland
SE	Sverige»